



Notat til høyringsvar ny gjødselbrukforskrift

19.6.2024 Landbruksavdelinga og Miljøavdelinga, Statsforvaltaren i Vestland
v/ Øyvind Vatshelle, Kristin Espeset og Bjørn-Harald Haugsvær

Innhald

Vi må slutte å sløse med fosfor	2
Fosfor brukt i for store mengder gir overgjødning av vassdrag i Vestland	2
Store konsekvensar for landbruket i Vestland	2
Krevjande for landbruksforvaltinga	3
§ 2. Verkeområde	3
§§ 4-13. Kap 2. Krav til oppsamling og lagring av organisk gjødsel mv.	4
§ 12. Krav til lagerkapasitet	5
§ 14. Krav til spreietidspunkt	5
§ 16. Godkjent spreieareal	7
§ 17. Vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiring	9
§ 18. Gjødsling etter behov	10
§ 19. Avgrensing for N i sårbare område	10
§ 20. Avgrensingar for tilførsle av fosfor på jordbruksareal	10
Tredje ledd, fosforgrenser	10
Årsaker til at vi meiner at fosforgrensene er eit godt kompromiss	11
Årsaker til at vi meiner det er behov for utsett tid i Vestland	13
Andre ledd, balansegjødning	18
Fjerde ledd, berekning av fosforgrense	19
Femte ledd, fosforgrense på innmarksbeite	20
Åttande / siste ledd, unntak frå fosforavgrensingane	20
Forslag om ny § 22. Særlege krav til bruk av gjødsel frå kompostert / utråtna materiale	20
§§ 22-25. Kapittel 4. Kapittel 5	21
§ 26. Krav til gjødslingsplan	21
§ 27 Krav om journal mm.	22
§ 29 Uttak og analyse av jordprøver	22
§ 30. Tilsyn og enkeltvedtak	23
§ 31. Myndigheit til å gi forskrift og fatte einskildvedtak	23
§ 32. Dispensasjon	24
§ 36. Overgangsreglar	24
Andre innspel	25



Vi må slutte å sløse med fosfor

Fosfor er ein avgrensa ressurs og kan ikkje erstattast av andre stoff. Dei mest fosforrike mineralførekomstane er gradvis blitt uttømt, og vi tar nå i bruk stadig vanskelegare utnyttbare kjelder. Dette fører gradvis til at energimengda og kostnadene for å utvinna fosfor aukar. Det einaste som kan motverke gradvis aukande knappleik på fosfor, er at vi unngår sløsing og resirkulerer fosfor som allereie er utvunne, på ein langt meir effektiv måte. Ein stor del av fosforet finst i husdyrgjødsel, kloakk, matavfall og anna avfall, men dette blir dårleg utnytta. Kompromissløyninga om å kunne gjødsle «meir enn nødvendig» opp til ei max-grenser bør ikkje omfatta fosfor som kjem utanfrå landbruket.

Fosfor brukt i for store mengder gir overgjødsling av vassdrag i Vestland

Vestland får tilført ekstra fosfor gjennom kraftfôr og mineralgjødsel. Jordprøver frå jordbruksareal i Vestland viser eit svært høgt innhald av fosfor. Dette overskotet har bygd seg opp over lang tid fordi tilførselen er større enn avlinga som vert teke ut. Mykje av jordbruksarealet grensar nært inntil vatn. Små og store bekker, kanalar og elvar går langs eller gjennom jordbruksareal. Tap av næringsstoff ved diffus avrenning frå jordbruksareal er saman med avløp dei viktigast påverknadene på vassmiljø/eutrofitilstand i Vestland vassregion. Overgjødslinga av vassdrag fører også til redusert artsmangfald. Det blir dei forureiningstolerante artane som klarer seg. Det er viktig å hindre at fosfor kjem ut i vassdrag. Når fosforet først er kome på avveggar og ut i vassdrag i for store mengder er det svært tidkrevjande, dyrt og vanskeleg å retta opp i skaden som har skjedd.

Vassforskrifta set krav om at elvar, bekkar, innsjøar og kystvann skal få god miljøtilstand og at tilstanden ikkje må bli dårleg i vassførekomstar der tilstanden er god. Det er allereie mange vassførekomstar i Vestland som ikkje har god miljøtilstand. Vi har derfor eit brot på vassforskrifta. Det er viktig å hindre at endå fleire vassførekomstar kjem i brot med vassforskrifta.

Store konsekvensar for landbruket i Vestland

Mykje tydar på at innstramming av krav til spreieareal kan bli mykje meir utfordrande i Vestland fylke enn tidlegare rekna med:

- Enkelte kommunar er i ein tilsvarande situasjon som Rogaland der det er knapt med spreieareal i heile fylket, og det er uvisst korleis enkeltføretak kan tilpasse seg nye krav.
- Situasjonen kan vere like utfordrande i andre kommunar. I gode jordbruksbygder dominert av mjølkeproduksjon ligg ledig spreieareal så langt unna at det vanskeleg kan bli brukt. Det same kan òg gjelde mjølkebruk i meir grigrendte strom, der det generelt sett finst lite jordbruksareal.
- Oppå alt dette kjem at mange føretak *i dag* ikkje nyttar nok spreieareal til husdyrgjødsel, grunna manglande oppfølging av krav til spreieareal. Ein del føretak er truleg ikkje i stand til å køyre gjødsel til alt nødvendig spreieareal per i dag

I dag er det nokså vanleg praksis med noko gjødselspreiing om hausten og utan slått eller beiting i etterkant. Forslaget inneber sterk innskjering i krav til spreietidspunkt, som òg vil gi store behov for tiltak og økonomiske verkemiddel.



Mange føretak må gjere store investeringar i lausdriftsfjøs. Utviding av gjødsellager og vil kome i tillegg og kan gje store økonomiske utfordringar for landbruket i Vestland fylke der bruka er høvesvis små.

Krevjande for landbruksforvaltinga

For å lukkast med gjennomføringa av nytt gjødselregelverk er det vesentleg med nok kapasitet i forvaltinga, god fagleg kunnskap og gode verktøy. Forslaget medfører store krav til alt dette.

For kommunane i Vestland vil det ligge eit enormt arbeid i godkjenning av innmarksbeite for gjødselspreiing, noko som krev god rettleiing og god digital kartløyning. Vidare blir det utfordrande for forvaltinga å følgje opp fosforkrava. Med tanke på risikovurdering er det særleg viktig med gode kart for å kunne ha oversikt over kva areal husdyrgjødsel blir brukt på.

Oppfølging av gjødselregelverk har hatt relativt lite fokus i mange kommunar. Informasjon, tilsyn og reaksjonar knytt til ny forskrift vil krevje omfattande innsats frå kommunane, noko som vil innebære auka arbeidsmengd.

Det er stort behov for rundskriv for å konkretisere kva som er god praksis, både når det gjeld lagring, bruk, dokumentasjon, tilsyn mm.

§ 2. Verkeområde

Vi meiner at ny gjødselbrukforskrift òg bør regulere bruk av gjødsel i utmark slik at det er mogleg å gi dispensasjon til gjødsling for jordbruksføremål, grunna:

- Fleire kommunar i Vestland får førespurnader om løyve til bruk av husdyrgjødsel i samband med kultivering av nye innmarksbeite. Det er på veg til å bli praksis etter dagens regelverk at dette kan bli vurdert som dispensasjon etter forskrift om organisk gjødsel, med nødvendige vilkår og oppfølging. Dette skal inkludere vurdering etter naturmangfaldlova, forskrift om utvalde naturtypar og forureiningslova.
- Det skjer truleg òg beitekultivering frå utmark til innmark med bruk av gjødsel utan at det blir søkt løyve.
- Det er behov for å kultivere nye innmarksbeite, særleg for føretak som har knappe eller dårlege beiteressursar nær fjøset. Bruk av husdyrgjødsel i samband med kultivering er nyttig for å oppnå gode innmarksbeite og på relativt kort tid. Ofte er det krevjande å fylle AR5-krava til innmarksbeite utan at ein har gjødsla areala.
- Samstundes er det risiko for tap av biologisk mangfald og fare for forureining ved slik kultivering, og det er behov for vurdering og styring av tiltak.
- Statsforvaltaren får nokre spørsmål frå kommunar om kva som er regelverk for bruk av mineralgjødsel i utmark, knytt til beitebruk. Vi meiner det er behov for oppklaring av dette. Etter dagens regelverk er det truleg i mange situasjonar ikkje heimel til å nekte bruk av mineralgjødsel i samband med opparbeiding av innmarksbeite, og slike tiltak er ofte ikkje er søknadspliktig, etter det vi kjenner til pr. no. Vi har òg situasjonar med gradvis overgang mellom innmarksbeite og utmark, der utmarka kan ha område som har blitt gjødsla og har preg av innmarksbeite. Etter dagens regelverk trur vi at gjødsling med mineralgjødsel i utmark berre er forbode i følgjande situasjonar;
 - o dersom det gir forureining utover vanleg forureining frå jordbruk / skogbruk (forureiningslova §§ 7-8)



- på ein utvald naturtype, til dømes kystlynghei A- og B-lokalitet eller med tilsvarande verdi (*forskrift om utvalde naturtypar* §§3-4).
- dersom det evt. er i strid med aktsemdplikta i *naturmangfaldlova* § 6.

Regelverket bør omtale korleis praksis skal vere, og det må vere mogleg å søkje om å bruke gjødsel for å kultivere nye innmarksbeite, tilsvarande som at ein kan søkje om nydyrking dersom det er reelt behov i drifta. Det er viktig at det ikkje blir etablert nye innmarksbeite berre for å bli kvitt husdyrgjødsel, om ein ikkje òg har bruk for beita / klarar å nytte beita på god måte.

§§ 4-13. Kap 2. Krav til oppsamling og lagring av organisk gjødsel mv.

- **§ 6: Det er positivt med meir konkrete krav i samband med utandørs dyrehold.**
- **§ 7: Dersom det skal vere krav om tett dekke for svinogjødsel med mindre enn 25 prosent tørrstoff må ein vere sikker på at dette har god effekt.** Etter rapporten «Klimatiltak i planteproduksjon. Delrapport 1..»¹ ser det ut til å vere lite potensiale for reduksjon av ammoniakktap ved tak og dekke på utandørs lager for grisegjødsel, sidan det største ammoniakktapet skjer i husdyrrommet. Det ser ut til å vere større potensiale for å redusere metanutslepp frå grisegjødsellager, men då trengst porøse dekker.
- **§ 8: Det er positivt med presisering om at tørr organisk gjødsel berre kan lagrast direkte på bakken i maksimalt tre år. Det er òg bra med presisering om at slik gjødsel som blir motteke utanfrå og som er klar til bruk berre kan lagrast innanfor spreieperioden.** Presiseringane er viktige knytt til mellom anna handtering av strøblanda hestegjødsel.
- **§ 8: Vi meiner at det for strøblanda hestegjødsel (som blir omdanna i lagringsperioden) må bli stilt krav om skjerming mot nedbør i lagringsperioden.** Dette er det alltid behov for, og det bør bli regulert direkte i denne paragrafen heller enn at Statsforvaltaren kan setje vilkår etter § 31 punkt a).
- **§§ 8-9: Når det no er føreslege at kommunen ikkje lenger skal godkjenne gjødsellager og siloanlegg før dei blir teke i bruk, blir det eit auka behov for kontroll frå kommunen knytt til forureiningsrisiko og tekniske løysingar.** Det er viktig at bygningsplanleggarar tek miljøomsyn, og forvaltinga treng bygningsteknisk kompetanse for å kunne gjennomføre kontroll på god måte.

Det er generelt enklare å handheve regelverk dersom kommunen kjem tidleg inn i prosessen, heller enn å komme inn etterpå med krav om oppretting og avkorting i produksjonstilskot. At kommunen har ei rolle i samband med nybygg er òg nyttig med tanke på handheving av krav til spreieareal. Det kan vere ein større belastning for gardbrukar å måtte rett opp i feil i ettertid, når byggeprosjektet er avslutta. Fram til no har kommunane hatt eit pressmiddel til å kunne sikre at nybygg er i samsvar med regelverk,

¹ Byers E, Rivedal S, Budai AE & Øygarden L (2024). Klimatiltak i planteproduksjon. Delrapport 1 i prosjektet; kunnskapsgrunnlag for utslippsreduksjoner i jordbruket – sett i sammenheng med tilpasning, klimarisiko og matsikkerhet. NIBIO Rapport 10 (37)



då kommunen har hatt rolle for Innovasjon Norge med ferdiggodkjenning, der litt av tilskotssummen har blitt halde tilbake fram til ferdiggodkjenninga.

- **§ 11: Det er behov for å setje krav også til handtering av fôrrestar, til dømes: Dersom fôrrestar ikkje blir kompostert, må dei bli plassert slik at det ikkje er skjemmande, og ikkje til skade eller ulempe for miljøet.** Dersom kassert fôr i større volum blir dumpa i søkk med avsig kan dette gi næringsavrenning til vassmiljø. Det er behov for konkretisering i gjødselbrukforskrifta, utover dei generelle krava etter forureiningslova. Samstundes trengst praktiske løysingar i drifta, og det er uproblematisk å leggjemindre mengder organisk materiale frå grovfôrproduksjon på plassar der det ikkje fører til fare for forureining, eventuelt i samband med mindre planering. Dumping av rundballar med plast er dessverre tidvis òg ein problemstilling, men bør vere godt nok regulert etter forureiningslova.

§ 12. Krav til lagerkapasitet

- **Det er bra med krav om tilstrekkeleg lagerkapasitet fram til spreieing eller anna omsetting, og minimum 8 månader. Endra krav til spreietidspunkt gjer at kravet til lagerkapasitet no blir kraftig innskjerpa og det vil vere behov for lager lengre enn 8 månader for mange føretak.** Mange vil trenge større lagerkapasitet enn i dag, og det er behov for gode investeringsordningar. Leige av lager blir òg meir aktuelt, og ein må ha god oppfølging av at gamle lager ikkje utgjer risiko for lekkasje. Sjå òg kommentar til § 14.

§ 14. Krav til spreietidspunkt

- **Vi meiner det er positivt med frist 1. september for spreieing av organisk gjødsel for både overflatespreieing og nedmolding,** grunna:
 - Spreieing seinare om hausten gir større fare for avrenning av næringsstoff, både grunna redusert opptak i graset og grunna stor risiko for mykje regn.. Sjølv om stor vassføring gir låg næringskonsentrasjon i vassdrag om hausten, kan det vere fare for akkumulering av fosforrik humus i bot av innsjøar / vatn.
 - Det er oftast ikkje agronomiske grunnar til å spreie gjødsel etter 1. september. Sjølv om sein spreieing kan vere aktuelt ved sein sisteslått på enkelte areal, så er det truleg knapp lagerkapasitet som er årsak til mesteparten av den gjødselspreieinga som no går føre seg i september.
- **Vi støttar krav om hausting eller etablering av plantevekst etter siste spreieing.** Med eit slikt krav sikrar ein betre at næringsstoffa kjem til nytte for grasvekst, heller enn å gå tapt. Ein må vurdere korleis ein kan handtere tilfelle der ein gjødsler til ein siste slått eller beiting, men at det ikkje lar seg gjennomføre grunna våt haust; òg med tanke på at haustane framover blir våtare enn det som har vore normalt tidlegare.



- **Strengare datofrist for gjødselspreiing og krav om hausting etter siste spreiiing gir store behov for investeringar i gjødsellager, grunna:**
 - Mange føretak spreier i dag husdyrgjødsel etter 1. september.
 - I Vestland fylke har ca. 24 av 43 kommunar pr. i dag lokal forskrift med frist seinare enn 1. september for overflatespreiing av husdyrgjødsel.
 - Kommunane i fylket mottek i tillegg fleire søknader om gjødselspreiing etter lokal frist. I 2018 blei det oppgitt at det blei handsama 147 søknader om dispensasjon frå spreiefristen i 44 av då 59 kommunar som svarte på ei spørjeundersøking² i regi av Statsforvaltaren.
 - Det er grunn til å tru at det òg blir spreidd ein del husdyrgjødsel etter fristane utan at det er søkt dispensasjon.
 - I ei feltundersøking³ i fire kommunar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal opplyste knapt 60 % av driftseiningane at dei spreidde husdyrgjødsel etter 1. september, og dette utgjorde 17 % av volumet av husdyrgjødsel. Alle kommunane i undersøkinga hadde lokal frist etter 1. september.
 - Gjødselspreiing etter fristane har truleg samanheng med knapp lagerkapasitet. I ei spørjeundersøking⁴ blant 85 mjølkeprodusentar i Hordaland med fleire enn 15 kyr svarte 39 % at dei hadde mindre lagerkapasitet enn 8 månaders produksjon.
 - Kravet om hausting etter siste spreiiing gjer at mange føretak vil trenge lagerkapasitet for mykje meir enn 8 månader. Store utfordringar med lagerkapasitet gjeld difor ikkje berre i landsdelar med sein vår, som omtalt i høyringsnotatet. Jord og klimatiske tilhøve kan gjere slått eller beiting i september umogleg for mange mjølkebruk. For føretak som tek to slåttar inneber det at siste husdyrgjødselspreiing må skje etter førsteslått, før 1. juli! Ein må nok òg i større grad rekne det som normalt at juli og august blir våte, og generelt kan vere lite eigna for utkøyring av gjødsel. I mjølke-produksjonen kjem meir gjødsel i lageret utover sommaren, og det kan bli behov for 10 mnd. lagerkapasitet for mange føretak som i dag har under 8 mnd. kapasitet.

Vi ser behov for gode finansieringsordningar. Mellom anna mindre føretak eller føretak med høg gjeld etter utbygging kan få større utfordringar med å handtere nødvendige investeringar. På ein del føretak blir det òg behov for meir effektiv gjødselhandtering (transport og spreiiing) for å utnytte knappe tidsvindauger for gjødselspreiing.

Sidan det kan bli store utfordringar knytt til skjerpa frist er det behov for å kunne handtere dispensasjonar lokalt, sjå kommentar til § 32. Sidan mange føretak vil trenge å bygge ekstra gjødselkum for å innfri kravet, meiner vi det er behov for lengre tid til tilpassing, sjå kommentar til § 36.

² Statsforvaltaren i Vestland (upubl, 2019): Oppsummering av kommunane sitt arbeid med gjødsel og forureining i 2018

³ Kval-Engstad, O. (2013): Bedre utnyttelse av husdyrgjødsel fra storfe. Rapport fra Landbruk Nordvest

⁴ Rivedal S & Knutsen H (2016): Kartlegging av lagerkapasitet for storfegjødsel og aktuelle stader for etablering av biogassanlegg i Hordaland. NIBIO Rapport 2 (9)



- **Løysing med å kunne spreie silopressaft etter fristen er ein god praktisk løysing.** Det er viktig med moderate mengder og god avstand til vassdrag. Løysinga er nyttig sidan det er nokså vanleg med små kummar for oppsamling av silopressaft, som gir behov for fortløpande utkøyring i tida etter innlegging i tårnsilo.

§ 16. Godkjent spreieareal

- **Det er ikkje tilstrekkeleg å vite kva areal som er godkjent for spreieing av husdyrgjødsel, jf. fjerde ledd. For forvaltninga er det like viktig å vite kva areal det faktisk blir spreidd husdyrgjødsel på (eller som er planlagt for spreieing av husdyrgjødsel).** Mykje fulldyrka og overflatedyrka jord blir ikkje spreidd husdyrgjødsel på. Det er difor viktig å ha oversikt over areal som ikkje skal reknast med for å kunne vurdere risiko for underskot på spreieareal på eit føretak i høve til husdyrgjødselmengdene på føretaket. Dette behovet blir ikkje dekkja av noverande formulering i § 16 første ledd, § 16 siste ledd eller gjennom krav om gjødslingsjournal i § 27 tredje ledd. Det er husdyrgjødsel / biorest som vil utgjere store fosformengder under våre tilhøve, grunna høgt innhald av fosfor i innkjøpt kraftfôr.
- **Vi meiner er det er positivt og nødvendig med registrering inkl. kartfesting av innmarksbeite som blir godkjent som spreieareal.** Kartfesting er nødvendig for at forvaltninga skal kunne handheve regelverket. Innmarksbeite utgjør ein viktig ressurs, og det er viktig å legge til rette for god bruk av husdyrgjødsel.
- **Vi foreslår ei todeling av godkjenning for gjødsling på innmarksbeite, der godkjenning for bruk av mineralgjødsel er ei enklare godkjenning som ikkje opnar for bruk av organisk gjødsel. Ein må òg vurdere om dette er eit godt verkemiddel for å sikre biologisk mangfald, vurdert opp mot bruk av tilskotsordningar.**
 - Med nye krav om auka areal for bruk av produsert husdyrgjødsel, kan det med dagens ordning vere ei risiko for oppgjødsling av innmarksbeite med mineralgjødsel først, som deretter gjer det enklare å få eit areal godkjent som spreieareal for husdyrgjødsel. Dette kan gi fare for tap av biologiske verdiar.
 - Ein må vurdere om det er mest føremålstenleg at det berre er krav om godkjenning for innmarksbeite der det skal bli spreidd husdyrgjødsel og biorest, dersom dette vil gjere det enklare å halde oversikt over «nødvendig spreieareal» der risikoen er størst. At innmarksbeite blir godkjent for spreieing av gjødsel utan at det blir spreidd husdyrgjødsel der, utgjør auka fare for at «spreieareal kan sjå bra ut på papiret» utan å vere godt nok i praksis, jf dagens utfordring med at mykje av det teoretiske spreiearealet ikkje blir spreidd husdyrgjødsel på. Det vil alltid vere utfordrande å vite kor det reelt sett blir gjødsla normalt med husdyrgjødsel, sjølv med krav om gjødslingsjournal. Sjå òg kommentar til § 20, tredje ledd
 - Ei forenkla godkjenning av innmarksbeite som blir spreidd med mineralgjødsel i dag kan i stor grad bli gjort «frå kontoret» basert på eksisterande gjødslingsplanar. Dette kan då bli meir mogleg å gjennomføre, og gi ekstra hjelp for å unngå øydelegging av biologiske verdiar. Ein må sikre at det ikkje blir ei teoretisk ordning, til dømes dersom godkjenninga ikkje blir gjennomført på god nok måte.



Det kan vere at gode tilskot til beiting av trua naturtypar er vel så viktige verkemiddel.

Sjå òg dei to neste punkta om omfattande arbeidsmengd og kva areal som er viktigast.

- **Godkjenning av spreieareal vil vere ein sær s omfattande jobb i Vestland fylke og det er behov for å setje av store ressursar for å gjere jobben, etter at ei nasjonal kartløyning er på plass. Ein må sikre at kommunane har nødvendig kapasitet til å godkjenne spreiearealet innan krav om godkjenning trer i kraft.** Årsaker til stort omfang og ressursbehov:
 - Innmarksbeita utgjer om lag 40 % av jordbruksarealet i Vestland fylke⁵ (41 % av AR-5 og 38 % av PT-areal).
 - Gjødseundersøkinga 2018⁶ viste at det i Vestland og Møre og Romsdal er 1710 føretak som spreier husdyrgjødsel på 104 300 daa innmarksbeite. I Vestland er lite av dette beitearealet omsøkt og godkjent i dag. Areal som har godkjenning i dag er ikkje digitalisert, og vil i mange tilfelle ha behov for nye vurderingar.
 - *I tillegg* er det 2580 føretak som spreier berre mineralgjødse på 124 980 daa innmarksbeite. Vi reknar med at dette i stor grad er sauebruk, då det er behov for tidlege vårbeite og det er mindre vanleg med husdyrgjødsel på beita. Samla er det 230 000 daa innmarksbeite som blir gjødsla minst ein gong, fordelt på 4290 føretak.
 - Areal er generelt oppstykket med mange eigedommar og mange jordstykke. Kommunane har ikkje kapasitet til å utføre denne jobben over kort tid.
 - Grunna nye fosforgrenser kan det bli aktuelt å spreie husdyrgjødsel på areal som ikkje blir gjødsla med husdyrgjødsel i dag. Dette kan òg bli aktuelt å vurdere for noko av dei ca. 140 000 daa innmarksbeite i Vestland og Møre og Romsdal som ikkje blir gjødsla i det heile i dag. Desse har ofte lågt beitetrykk og treng gjerne ikkje ekstra gjødse.
- **God vurdering av innmarksbeite for spreieing av husdyrgjødsel er viktigare enn rask vurdering av alle innmarksbeite.** Ein må prioritere godkjenningar for bruk av husdyrgjødsel / biorest før godkjenningar for gjødsling med mineralgjødse, grunna risiko og arbeidsomfang:
 - Husdyrgjødsel og biorest er ressursar som det kan vere overskot av. Det er difor større risiko for næringsavrenning, tap av biologisk mangfald og gjødsling på tidlegare ugjødsla areal med slike gjødselvarer enn med mineralgjødse. Mineralgjødse blir brukt i mindre mengder, og ein kjem gjerne ikkje til med spreieing på heile arealet. Med gjødselkanon kan husdyrgjødsla i større grad bli spreidd opp i bratte bakkar og haugar der ein ikkje kjem til med traktor. (Dette inneber at det i praksis kan vere skilnad på areal som blir gjødsla med mineralgjødse og areal som blir gjødsla med husdyrgjødsel / biorest).
 - Det er oftast behov for synfaring i felt og gode rutinar for å avdekke kor det er potensielt biologisk mangfald og for å vurdere kva areal som er tilgjengeleg for spreieing. Kartlegging i naturbase er ikkje komplett, sjølv om tilskotsordning

⁵ Arealbarometer NIBIO (2024) [Arealbarometer - Hjem \(nibio.no\)](https://nibio.no)

⁶ Kolle SO & Oguz-Alper M (2020): Bruk av gjødseressurser i jordbruket 2018. Bruk Metodebeskrivelse og resultatert fra en utvalgsbasert undersøkelse. Statistisk sentralbyrå 9/2020, tabell A15.



gjennom RMP har gjort at nye område har blitt registrert. Artsrike innmarksbeite er avhengig av det ikkje blir gjødsla for å unngå å øydelegge det biologiske mangfaldet.

- Spreiing av husdyrgjødsel utgjer større «miljørisiko» enn spreiiing av mineralgjødsel. Dersom godkjenning for spreiiing av mineralgjødsel skal innebere at arealet òg er godkjent for spreiiing av organisk gjødsel, må vurderinga bli gjort like grundig som om godkjenninga skal gjelde bruk av husdyrgjødsel. husdyrgjødsDet er mindre viktig å vurdere godkjenning på innmarksbeite som blir gjødsla med mineralgjødsel i dag og som skal bli gjødsla med mineralgjødsel vidare.

§ 17. Vegetasjonssone som er bandlagt mot spreiiing

- **Det er positivt med konkretisering av at det ikkje kan bli brukt gjødsel i omtalte vegetasjonssoner, som føreslege. På full- og overflatedyrka areal som lovleg går heilt ut til vassdrag er det positivt med føreslege 2 meter grense, i samsvarar med kravet om å unngå jordarbeiding etter forskrift om produksjonstilskot.** Ein kan fagleg sett vurdere at grensa burde vore større, men dei føretaka som har størst gjødselmengder har òg størst behov for gode avlingar på mest mogleg av engarealet. Vi har mange kanalar, bekkar og elver gjennom jordbrukslandskapet, og mange små teigar (sjå kommentar til § 20 tredje ledd). Vegetasjonssona etter forskrift om produksjonstilskot er ein del av produksjonsgrunnlaget i form av varig eng, sjølv om ein ikkje kan gjødsla, fornye eller sprøyte med plantevernmiddel. Vi ser det difor som hensiktsmessig at det ikkje er krav om meir enn 2 meter avstand ved gjødsling. Det har òg vore stor suksess med mykje omlegging til stripespreiiing, som gir meir nøyaktig plassering av gjødsla, og mindre risiko for avrenning. Gjennom RMP har vi høve til å ha frivillige tiltak med større metergrenser nær utsette vassførekomstar, men det er behov for å kunne målrette RMP-tilskotet med høg sats til føretak med mykje gjødsel.
- **Avstandskrav ved spreiiing av gjødsel på innmarksbeite er viktig av omsyn til vassmiljø. Vi er usikre på konsekvensane for landbruket med forslag om 6 meter avstand.** Det er viktig at det blir teke omsyn til vatn og vassdrag. Kravet vil truleg innebere at store beiteareal ikkje kan bli gjødsla og vil gi vesentleg lågare avling, då 12 meter samla breidde ved kvar bekk kan bandlegge store delar av eit beite. Mange av beita våre er i bakken / lia mellom dalbotn og ås eller fjell, og bekkene renn stadvis tett. Det er aktuelt å få meir kjennskap til konsekvensane av dette kravet. Kravet medfører at tidlegare godkjenningar av innmarksbeite som spreieareal for husdyrgjødsel vil vise feil areal.
- **Vi meiner at kravet òg bør gjelde mot open grøft og flaumbekk utan årsikker vassføring.** Vi forstår det slik at kravet i forslaget gjeld strekningar av vassdrag med årsikker vassføring. Det vil òg vere risiko for næringsavrenning ved gjødsling nær bekkeløp utan årsikker vassføring før eller under nedbør, vassføring eller flaum. I ein del tilfelle kan det òg vere vanskeleg å skilje på strekningar med og utan årsikker vassføring. Vi har difor enda opp med at RMP kantsone i eng bør bli praktisert til å inkludere dei strekningane av vassdrag som ikkje har årsikker vassføring, og meiner at det same bør gjelde for generelt avstandskrav. (Alternativt kunne ein vurdert at kravet skulle gjelde mot



open grøft når ein ventar at det kjem vatn i løpet av kort tid, tilsvarande krav om å halde avstand til vatn ved bruk av plantevernmiddel, jf. forskrift om plantevernmiddel §§ 19-20.) På innmarksbeite kan det vere aktuelt at avstanden òg skal gjelde mot vassig, udrenerte myrområde og liknande, evt. at dette blir del av vurderinga ved godkjenning av innmarksbeite som spreieareal for (organisk) gjødsel.

§ 18. Gjødsling etter behov

Paragrafen kan lett bli misforstått når det gjeld fosfor i jordbruket, då denne paragrafen i praksis ikkje gjeld «normal fosforgjødsling» på landbruksjord. Gjødsling etter behov gjeld mest for grøntanlegg, samt gjødsling med andre næringsstoff enn fosfor. Gjeld òg ved balansejødsling over 3,5 kg P/daa og P til særleg fosforkrevjande vekstar. Sjå òg kommentar til § 20 åttande ledd, der vi forstår § 18 til å òg gjelde fosforgjødsling til dømes på mindre sauebruk.

§ 19. Avgrensing for N i sårbare område

Det kan vere aktuelt å presisere at grensa på 17 kg N/daa frå husdyrgjødsel gjeld total-N, og ikkje plantetilgjengeleg N.

§ 20. Avgrensingar for tilførsle av fosfor på jordbruksareal

Tredje ledd, fosforgrenser

Tredje ledd: Statsforvaltaren i Vestland meiner at konsekvensane av forslaget er så omfattande for mange føretak i Vestland at det er behov for utsett trinnvis innføring. Vi føreslår tre år ekstra for å først kunne innrette seg etter krav i dagens regelverk, og bruke denne tida til å oppdatere normal for næringsinnhald i gjødsel og få ei riktig praktisering av kva som er godkjent spreieareal.

Vi meiner at føreslegne fosforgrenser for Vestland er eit godt kompromiss mellom kva som er ønskeleg av miljøomsyn, og kva som er mogleg å gjennomføre for landbruket utan for store konsekvensar for matproduksjon. Føreslegne max-grenser kan vere låg i forhold til kva som er situasjonen på mjølkebruk med gode avlingar. Samstundes kan grensa vere for høg for ekstensivt driven sauebruk som ønskjer å ta i mot gjødsel frå mjølkebruk/biorest.

Dette inneber forslag om at tilført fosfor per dekar for Vestland skal vere i samsvar med følgande grenser:

- | | |
|--|-----------------------------------|
| a) 3,5 kg P/daa/år i perioden 1. januar 2025 – 31. desember 2027 | (frå forskrifta tek til å gjelde) |
| b) 2,8 kg P/daa/år i perioden 1. januar 2028 – 31. desember 2031 | (etter 3 år) |
| c) 2,5 kg P/daa/år i perioden 1. januar 2032 – 31. desember 2034 | (etter 7 år) |
| d) 2,3 kg P/daa/år frå og med 1. januar 2035 | (frå 10 år) |

Vi meiner at trinnvis innføring av strengare fosforgrenser òg bør gjelde nye føretak, der føretaket held fram med tilsvarande produksjon som førre eigar.



Årsaker til at vi meiner at fosforgrensene er eit godt kompromiss

1. Det blir gjødsling med for mykje fosfor i dag

Bruk av husdyrgjødsling har gitt mykje P i jorda. Jordprøver frå jordbruksareal i Vestland viser særst høgt innhald av fosfor. Vi har ikkje nøyaktig informasjon om utviklinga, og vi veit ikkje om fosfortala kan ha blitt redusert etter 2016, men det er uansett meir fosfor enn ønskeleg i jorda. Dette overskotet har bygd seg opp over lang tid fordi tilførselen er større enn det avlinga tek ut. Landbruket i Vestland får tilført ekstra fosfor gjennom innkjøp av kraftfôr og noko gjennom mineralgjødsling mm. Mjølkebruk i Vestland har relativt lite areal i høve til produksjonen, og relativt høg del kraftfôr. På denne måten har det truleg blitt noko større fosforoverskot på det enkelte bruket samanlikna med mjølkebruk i andre fylke. Det høge fosfornivået i jorda gjer at det er særst lite behov for fosforgjødsling.

Overskotet av fosfor på mykje jordbruksareal aukar faren for avrenning av fosfor til vassdraga med påfølgande eutrofiering. Vi har allereie utfordringar med eutrofiering i mange vassførekomstar som ikkje oppfyller krava i vassforskrifta. Når fosfor først er kome på avvegar og ut i vassdrag i for store mengder er det svært vanskeleg å få god tilstand igjen. Det er òg viktig å unngå eutrofiering på nye plassar, og vi har i tillegg ei ekstra utfordring med mykje næringspåverknad frå spreidd avløp i jordbruksområda.


2. Forslaget inneber at det framleis kan bli gjødsling for kraftig

Flesteparten av føretaka i fylket har så lågt avlingsnivå at fosforbehovet blir godt dekkja med føreslått grense. For sauebruk er grensa rikeleg høg nok. Mange mjølkebruk har òg låge avlingar. I mange tilfelle er fosforbehovet lågare enn 2,3 kg P/daa. Utfordringa er heller at ein har meir fosfor tilgjengeleg på garden i gjødsling frå eigne dyr. For andre føretak kan avlingsnivå vere høgt nok til P-grensa.

Innhenta opplysingar⁷ frå føretak som har søkt om erstatning etter produksjonssvikt visar at 27 av 29 mjølkebruk tok ut mindre enn 2,3 kg P/daa i avlinga. Sjå figur 1. Etter berekning med visse føresetnadar haustar desse 27 føretaka i snitt 1,7 kg P/daa (frå 1,1 til 2,2 kg P/daa), med snittavling på ca. 430 FEm/daa (frå 260 til 600 FEm/daa). Dette er døme på mjølkebruk med låge avlingar i normale år, då det i praksis berre er slike føretak som kan få erstatning etter produksjonssvikt.

Tilsvarende informasjon og berekning frå sauebruk viser at 25 av 25 bruk hentar ut mindre fosfor i avling enn 2,3 kg P/daa. Dei haustar i snitt 1,4 kg P/daa (frå 1,0 til 2,2 kg P/daa), med snittavling på ca. 320 FEm/daa (frå 170 til 550 FEm/daa).

⁷ Statsforvaltaren i Vestland (upubl. 2024): Fosformengde ved ulike produksjoner i Vestland – produksjon og utvikling.



Figur 1: Estimert fosfor tilført frå eigen husdyrgjødsel og fosforbehov for oppnådd avling for 29 mjølkebruk i Vestland der dei fleste normalt har lågt avlingsnivå.

3. Det er likevel behov for ei kompromissløyning som inneber gjødsling som er sterkare enn behovet

Det er behov for kompromissløyning der ein i gitte tilfelle kan gjødsle sterkare enn behov, grunna gjødsel frå eigen produksjon. Det er òg ønskjeleg å kunne tilpasse seg ei max-grense heller enn behov eller balansegjødsling, då dette vil bli meir føreseieleg for føretaka og meir mogleg å praktisere.

Ein del mjølkebruk har så høge avlingar at avlinga tek ut meir fosfor enn den føreslegne grensa. Dette gjeld truleg mange mjølkebruk i Sunnhordland og i enkelte andre gode jordbruksbygder med høve til fleire enn to slåttar. Føretak med så høge snittavlingar ventar vi at skal bli dekkja av balansegjødslingsmetoden.

Konkret døme⁸: På eit mjølkebruk er det estimert avling i snitt ca. 850 kg ts/daa. (Kvotet 140 000 liter, 135 daa full-overflatedyrka areal. Fôranalyser gir eit estimert vekta snitt på 3,3 g P/kg ts. Dette gir 2,8 kg P/ daa i avlinga. Døme frå eige notat, henta frå tidlegare omtalte søknadar om produksjonssvikt: Eit anna mjølkebruk med avling 850 Fem/daa (195 daa full- og overflatedyrka areal) gir eit estimert fosforbehov på 2,9 kg P/daa, ved normgjødsling.

4. Ytterlegare redusert P-gjødsling ved utsette vassførekomstar må løysast på andre måtar. I nedbørsfelt til utsette vassførekomstar kan det vere behov for lågare fosfortilførsle enn føreslege, men det gir for stor kostnadar og er for lite målretta med lågare generell max-

⁸ Norsk Landbruksrådgiving SA (upubl. utkast 2024): Forslag til ny gjødselbrukforskrift – næringsbalanser hos melkeprodusenter i Vestland



grense. Noverande forslag inneber ei stor forbetring samanlikna med dagens situasjon. I første omgang gjeld dette innstramming i praktisering av kva som er godkjent spreieareal. I dag er det ein god del full- og overflatedyrka jord som ikkje blir tilført husdyrgjødsel. Sjå seinare kommentar under behov for utsett tid, og døme som viser at betre praktisering av dagens reviderer i praksis kan redusere P-gjødsling på store areal med 1,0 kg P/daa. I tillegg kjem vidare effekt av strengare fosforgrenser.

Gode ordningar for investeringstilskot og bruk av regionale miljøtilskot der det er utfordringar bør vere løysinga for å utløyse ytterlegare innsats. Vidare har Statsforvaltaren etter dette høyringsutkastet mynde til å innføre lokal forskrift med strengare krav.

5. Risiko for at biorest skal gi for mykje fosfor på nye areal må bli løyst på annan måte. Heller enn strengare generell max-grense er det behov for andre krav knytt til kompostert gjødsel og biorest frå biogassanlegg for å unngå at fosfor frå fiskeoppdrett og matavfall gir sterkare P-gjødsling enn i dag.

Særs mange føretak har låg avling og ikkje bruk for så mykje fosfor som max-grensa i forslaget. Gjødslinga i dag er òg svakare. Det er ein risiko for auka fosforgjødsling og større fosforoverskot på store areal dersom fosfor frå havbruksnæringa og matavfall kjem til jordbruksareal. Max-grensa må i større grad bli knytt til gjødsel frå eige føretak, som det i større grad er behov for å finne kompromissløyse for å kunne bruke. Sjå forslag om ei ny § 22 om gjødsel frå kompostert / utråtne materiale.

Årsaker til at vi meiner det er behov for utsett tid i Vestland

Manglande oppfølging av spreieareal og køyreavstandar frå offentleg forvaltning har gjort at dagens regelverk ikkje er følgt i praksis. Å følgje dagens regelverk inneber ein betydeleg innskjerping samanlikna med praksis i dag, og vil gi store konsekvensar for ein del mjølkebruk og evt. andre føretak med intensiv produksjon.

Vi meiner at utsett tid for å først kunne innrette seg etter krav i dagens regelverk kan vere forsvarleg òg med tanke på ønska miljøeffekt. Riktig praktisering av kva som er godkjent spreieareal og bruk av oppdaterte normtal for næringsinnhald i gjødsel vil gi god effekt også før krava blir lågare enn dagens 3,5 kg P/daa.

Døme: Eit mjølkebruk kan ha nok spreieareal med full- og overflatedyrka areal «på papiret» med 250 daa, men i praksis blir det i dag berre spreidd husdyrgjødsel på 200 daa. I staden for 3,5 kg P/daa (eigentleg 3,75 kg P/daa med oppdaterte normtal), blir det på store areal i dag tilført 4,4 eller egentleg 4,7 kg P/daa, som i praksis har blitt akseptert av forvaltninga i form av at det ikkje har blitt kontrollert eller forsøkt retta opp i. Ved å gå over til å spreie husdyrgjødsel på alt nødvendig spreieareal slik krava er, vil fosforgjødslinga på desse areala bli om lag 1,0 kg P/daa lågare enn i dag, rekna etter nye normtal.



Grunnar til behov for utsett tid:

1. Mange mjølkebruk i Vestland spreier ikkje gjødsel på alt nødvendig spreieareal i dag

At det etter søknadstal om produksjonstilskot ser ut til at dei fleste føretaka i Vestland har tilstrekkeleg spreieareal etter dagens regelverk gir ikkje eit riktig bilete av situasjonen for mjølkeproduksjonen i fylket. Det er no ein vanleg situasjon på mjølkebruk i Vestland at husdyrgjødsel berre blir spreidd på ein del av jordbruksarealet som føretaket disponerer. Kravet om å nytte alt nødvendig spreieareal har i liten grad blitt følgt opp. Grunna manglande fokus på spreieareal i forvaltinga, manglande verktøy for kartfesting og manglande krav om gjødslingsjournal har det ikkje blitt etterspurt kva som er spreieareal i praksis samanlikna med teoretisk spreieareal. Sjølv for nye bruksutbyggingar har det i liten grad blitt vurdert kva areal ein i praksis legg opp til å gjødsle med husdyrgjødsel.

Gjødselundersøkinga frå 2018⁹ gir ein generell indikasjon om dette i form av at 72 % av fulldyrka eng og 52% av overflatedyrka eng i Vestland blir tilført husdyrgjødsel minst ein gong. Det er truleg vanleg på alle sauebruk at noko areal ikkje får husdyrgjødsel, då det ikkje «er nok» husdyrgjødsel til alt arealet. Vi reknar difor med at mjølkebruka har husdyrgjødsel på større del av arealet. I ei spørjeundersøking i 2015¹⁰ kom det fram at mange mjølkebruk i Hordaland med meir enn 15 kyr ikkje spreidde husdyrgjødsel på alt areal. Blant 75 føretak med snitt på 250 daa teoretisk spreieareal og totalt 313 daa jordbruksareal var det 61 føretak som i snitt hadde 90 daa der dei ikkje spreidde husdyrgjødsel. Det er uvisst om dette inkluderte innmarksbeite.

2. Det gir store utfordringar å innrette seg etter ny praktisering av dagens regelverk. Etter tilpassing til dagens regelverk, er det tilsvarende utfordringar for å innrette seg etter nye fosforkrav.

Køyreavstandar: Mange føretak vil få store utfordringar med å få husdyrgjødsel ut på «alt» spreiearealet som ein disponerer i dag. Det er ikkje ledig spreieareal nært nok for mange føretak, sjølv om det gjerne er rikeleg med spreieareal i kommunen. I gode jordbruksbygder er det mykje mjølkeproduksjon, kamp om areala i dag, og ein må langt av garde for å finne nok tilgjengeleg spreieareal etter nye fosforgrenser. I andre tilfelle kan det vere lange avstandar til jordbruksareal i andre bygder, dersom ein «må ut av dalen» for å få nok spreieareal.

Ei undersøking frå 2015¹¹ viste at 15 mjølkebruk i ei bygd i Kvinnherad i snitt køyrde 930 kilometer i samband med spreieing av husdyrgjødsel (median 280 km). Eitt bruk køyrde 4 240 km, og eitt hadde så mykje som 530 køyreturar.

Konkret døme ang. Nye krav¹²: *Dei seks største mjølkebruka i eit bygdslag i Kvinnherad kommune disponerer i dag ca. 1900 daa full- og overflatedyrka jord. Når krav om max 2,3 kg P er innført vil dei samla mangle 960 daa spreieareal. Dei kan gjerne klare å ta avlingar på 1000 kg ts/daa, og bruke meir fosfor med berekna balanse gjødsling. Då vil dei samla mangle ca. 370 daa, som ikkje*

⁹ Kolle SO & Oguz-Alper M (2020): Bruk av gjødselressurser i jordbruket 2018. Bruk Metodebeskrivelse og resultater fra en utvalgsbasert undersøkelse. Statistisk sentralbyrå 9/2020. Tabell A1 og A8

¹⁰ Rivedal S & Knutsen H (2016): Kartlegging av lagerkapasitet for storfe gjødsel og aktuelle stader for etablering av biogassanlegg i Hordaland. NIBIO Rapport 2 (9)


¹¹ Kårstad S, Haukås T og Hegrenes A (2015): Analyse av kjørekostnader i mjølkeproduksjonen – Ei samanlikning av kjøring langs vegen ved grovfôrhausting og spreieing av husdyrgjødsel i to bygder. 1 (9)

¹² Kjelde: Kjetil Mehd, Kvinnherad kommune, pers medd.



finst i området. Det er noko innmarksbeite her, men usikkert kor mykje av dette som kan godkjennast som spreieareal for husdyrgjødsel.



Utfordringane heng saman med ei lokal intensivering av mjølkebruka, til stor forskjell frå andre område der drifta har blitt ekstensivert. Dette kan skape store utfordringar med transport av husdyrgjødsel for enkelt-føretak. Statsforvaltaren har laga kart som viser plassering av kvar eigedom/leigejord som føretak disponerer, noko som kan visualisere dei naturgitte utfordringane. Sjå døme i figur 2. Ut frå informasjon i produksjonstilskot ser det ut til å vere om lag 13 km i luftline eller 20 km langs veg frå driftssenteret i sørvest til teigane som er lengst i nordaust.



Figur 2: Døme på føretak med lange køyreavstandar til areal i nabobygder, sjå målestokk. . Blå prikk = driftssenter. Rad strek = eigedomar disponert av føretaket. Oransje, gult og lysegult = Jordbruksareal


Krevjande arrondering: I fleire regionar av fylket er jorda ekstra oppstykkja i små jordstykke og mange eigedommar, som kan gjere det meir krevjande å finne gode løysingar for gjødselhandtering. I Nibio si 3Q-overvakig av jordbruksjord (inkl. areal ute av drift) blei det estimert at jordstykkestorleiken for full- og overflatedyrka jord i snitt er berre 4,6 daa i Hordaland og 7,6 daa i Sogn og Fjordane¹³, mot 11,1 daa i Rogaland (og 20,0 daa på Jæren). I 2013 blei det tilsvarande laga kart over del av fulldyrka jord som kjem frå jordstykke som er under 15 daa, der ytre område av Vestland «kjem dårleg ut», sjåfig 3. Dei aller mest utfordrande driftstilhøva med omsyn til at mykje av arealet er delt opp på små jordstykke visast som raude område på kartet.

¹³ Stokstad G (2020): Status og utvikling i jordbrukslandskapet på Vestlandet. NIBIO Rapport 6 (121).



Figur 3: Del (%) av fulldyrka jord i kvar kommune som kjem frå areal på under 15 daa¹⁴. Små jordstykke, utsnitt for delar av Sør-Noreg.

Karta som Statsforvaltaren har laga over leigejord viser òg visuelt at jorda er delt opp i mange småstykke. Sjå fig 4, med døme frå ein region i ytre strok. Dette er eitt av føretaka i fylket som driv flest eigedomar, som heng saman med at kvar eigedom er liten. Sjølv om føretaket disponerer 60 eigedommar, disponerar føretaket «ikkje meir enn» ca. 360 daa fulldyrka jord, 430 daa overflatedyrka jord og 1020 daa innmarksbeite. I tillegg er kvar eigedom delt opp i mindre jordstykke.



Figur 4: I ytre strøk av fylket er jorda oppstykkja av mange eigedommar og eit oppstykkja landskapet. Dømet viser eitt av føretaka i fylket som driv flest eigedommar. Føretaket har ca. 360 daa fulldyrka jord, 430 daa overflatedyrka jord og 1020 daa innmarksbeite fordelt på 60 eigedommar og 56 eigarar. Blå prikk = driftssenter. Rad strek = eigedomar disponert av føretaket. Oransje, gult og lysegult = Jordbruksareal

¹⁴ Stokstad G & Krøgli SO (2013): Fulldyrka areal og små jordstykke. Skog og landskap Fakta (10).



Behov for ulike og gode løysingar: Det har i fleire tilfelle blitt investert større enn det er naturgrunnlag for å kunne handtere, og «drifta går ikkje opp». Det er fleire døme på dei som finn gode løysingar for effektiv gjødselhandtering, men det er «mykje som skal stemme» for å få det til, og det kan ta noko tid å legge om drifta ved slike tilhøve. Det er behov for investeringar i gjødsellager, evt. andre løysingar for å få bruke tette gjødsellager nær leigejord, meir langsiktige leigeavtalar, innleige av entreprenørar til transport, meir effektive spreimetodar mm. På nokre enkeltbruk vil det ikkje vere mogleg å nytte entreprenørar til effektiv gjødseltransport, grunna vanskeleg tilkomst både gjennom tun og ut til teigar, med for smale eller for låge passasjar og evt. vektavgrensingar på vegane. I tillegg vil det i mange område vere mangel på entreprenørar til rett tid dersom mange føretak er avhengig av same løysing. Mykje transport av husdyrgjødsel tek òg meir tid, som kan utgjere ei flaskehals i tillegg til investeringsutgifter. Det er òg utfordringar knytt til smale tidsvindauger for å køyra ut gjødsla utan for mykje regn og medan det er lagelege køyretilhøve på jorda. Det kan vere behov for meir investeringar i driftsveggar for å unngå ytterlegare jordpakking, tilpassa eit klima i endring.

Det er viktig at føretaka får til løysingar som er gode og sikrar reel omfordeling av gjødsel. Med ei «rask og meir teoretisk tilpassing» kan det elles vere risiko for at berre delar av gjødsla blir køyrd til areal langt unna, og gjerne berre til først slått. I følgje NLR¹⁵ er det med visse vilkår ei grov tommelfingerregel lønsamt å køyre husdyrgjødsla opp til 1 km frå veg til jorde for kvar kubikkmeter tankvolum i vogna om våren, og 0,5 – 0,6 km seinare på sommaren. Med ei 8 m³ vogn er det dermed «gjødseløkonomisk» å køyre inntil 8 km om våren og 4-5 km til andreslått.

3. Ein treng oversikt over kva innmarksbeite som er eigna for spreining av husdyrgjødsel før ein kan innrette seg etter fosforkrava. Kommunane må vere i stand til å vurdere alle godkjenningar for gjødselspreiing av husdyrgjødsel på innmarksbeite før det er mogleg for føretaka å vite kor mykje areal dei manglar. Mange av dei nær 1000 mjølkebruka i fylket treng truleg helst nye vedtak, då dette kravet ikkje har vore særleg praktisert i Vestland dei siste 20 åra. Det er behov for lengre overgangstid for å få denne oversikta på plass. For ein del føretak utgjer innmarksbeite store delar av arealet. Sjå òg kommentar til § 16 og § 36.
4. Dei fleste mjølkebruka i Vestland har truleg ikkje høge nok avlingar til å kunne nytte seg av balanse-gjødslingskravet, sjølv om det er høgt nivå på fosforgjødslinga i dag Då blir det eit ekstra stort gap frå dagens fosfortilførsle og ned til kravet. Fosforgrensa for Vestland er mellom anna grunnleggjande med låge avlingar i fylket. Snittavling for fylket inkluderer mange føretak med sauehald og med ekstensiv drift. Mjølkebruka sitt att med meir fosfor enn dei klarar å nytte.
5. Det kan vere mindre ledig spreieareal på sauebruk enn estimert Etter dagens regelverk med spreieareal er det mange føretak i Vestland som ikkje nyttar alt spreieareal. Slik vi har forstått § 20 åttande ledd er at mindre sauebruk må gjødsle med fosfor etter behov, og ikkje kan nytte seg av kompromissløyisinga med fosforgrensar, noko vi òg rår til. Det er truleg nokså høgt fosforinnhald i jorda òg på alle desse føretaka. Det blir då mykje mindre «ledig plass» for blautgjødsel frå mjølkeproduksjonen (eventuelt i form av biorest) enn det kunne sjå ut til når ein vurderte ut frå spreieareal.

¹⁵ NLR (2016): Husdyrgjødsel på Vestlandet – Nye utfordringar.



6. Det er ikkje så godt potensiale for nydyrking i Vestland. I høyringsnotatet blir det peika på at utviding av arealgrunnlaget gjennom nydyrking og å ta opp areal ute av drift er ein meir føretrekt løysing enn auka transportavstandar. I Vestland er 225 444 daa kartlagt som dyrkbar jord¹⁶, men 36 % av dette er registrert som myr, og dermed mindre aktuelt for dyrking. Areal som er ute av drift er ofte dei mest tungdrivne og små teigane, og er ikkje alltid aktuelle å få i drift igjen for store mjølkebruk. Det er behov for investeringar i areal gjennom planering, utbetring med driftsveggar mm.
7. Rask innføring av P-grensene gir fare for reduksjon i produksjon. Vi frykter at rask gjennomføring av fosforgrensene inneber så krevjande innskjerpingar at ein del føretak må legge ned drifta eller redusere produksjonen kraftig, gjerne 20 % eller meir. Dette kan gi redusert mjølkeproduksjon i område der det er langt mellom jordbruksareala. Risikoen er størst for føretak som har utvida drifta og investert i fjøs dei siste 10-20 åra. Det er eit ønskje om å unngå redusert matproduksjon, og å unngå å flytte produksjon til andre delar av landet som har kortare avstand frå fjøs til areal, inkludert regionar som kan vere eigna for korndyrking. Biogassanlegg kan bli ei del av løysinga i nokre sentrale jordbruksbygder, *dersom føretaka tek tilbake mindre fosfor enn dei leverer med husdyrgjødsel*.
8. Det er behov for betre investeringsordningar for å gjennomføre tilpassingane. Det trengst betre utforming og finansiering av investeringstilskot og nye tilskot til miljøtilpassing. Dagens investeringstilskot til gjødsellager har låg tilskotsprosent i høve til kostnadane og SMIL-tilskot til dekke over gjødsellager er avhengig av tilgjengelege SMIL-midlar i kommunen. Det kan vere behov for andre investeringsordningar for miljøtilpassing. Arealbytte er eit tema som bør kome på dagsorden, jf. Ruralis sitt prosjekt Landfrag.

Andre ledd, balansegjødsling

Balansegjødsling er truleg relevant for få føretak i Vestland fylke, og vil etter vår vurdering ikkje innebere ei løysing for dei fleste mjølkebruka i Vestland. Dei fleste mjølkebruka i Vestland har truleg ikkje høge nok avlingar til å kunne nytte seg av balansegjødslingskravet, sjølv om det er høgt nivå på fosforgjødslinga i dag. For dei som har låg avling vil høve til balansegjødsling vere meir krevjande å tilpasse seg til enn ei høgare generell fosforgrense. Dette gjeld òg dersom ein kan bruke balansegjødsling for delar av føretaket, alternativt om berekning av fosforgrense per dekar er meir fleksibelt. Sjå òg kommentar til tredje ledd: årsaker til at fosforgrensene er eit godt kompromiss, fig 1. og grunnar til behov for utsett tid punkt 4. Det er viktig å vurdere konsekvensar for enkelt-bruk og for matproduksjon i utsette område.

Balansegjødsling kunne vore meir relevant for føretak i Vestland dersom metoden blir godkjent for delar av arealet til eit føretak, medan andre areal følgjer krav om fosforgrenser. Vi vurderer at dette ikkje er ei god løysing både av omsyn til miljø og forvaltning. Eit alternativ til balansegjødsling på delar av arealet er å gjere ordninga med fast grense meir fleksibel, sjå kommentar til fjerde ledd.

¹⁶ Nibio: Arealbaromter for Vestland ([Arealbarometer - Vestland \(nibio.no\)](https://nibio.no/arealbarometer-vestland)), lasta ned 19.6.2024)



Det er viktig at det er mogleg med sterkare fosforgjødsling enn 2,3 kg P/daa der avlingane er høge, og gjødsling etter fosforbalanse er eit godt prinsipp. Dette kan vere aktuelt for mjølkebruk med gode føresetnadar i Vestland fylke. Metoden er meir praktisk og enklare å gjennomføre enn gjødsling etter behov, ut frå fosfornivå i jorda. Vi vurderer også at det vil gi ei miljømessig forbetring samanlikna med dagens tilhøve der P-gjødslinga truleg kan vere høgare i ein del tilfelle. Vi har grunn til å tru at føretaka likevel må redusere kraftig på fosforgjødslinga samanlikna med i dag, då det truleg er mange som ligg lågare i avling enn tilsvarande 3,5 kg P/daa, og det truleg er mange som har gjødsla kraftigare enn dette i dag på store areal.

Ordninga må bli utforma slik at den blir relevant for dei aktuelle føretaka, og at den blir mogleg å bruke. Løysinga med balansejødsling er komplisert, og det kan vere utfordrande å få denne til å gjelde alle dei som har større fosforbehov enn føreslege max-grense. Metoden kan ikkje vere så komplisert at den berre blir nytta av dei mest interesserte bøndene. Vi foreslår vurdering av om det kan vere tilstrekkeleg å vise til høge avlingar, der standardverdiar gir ein peikepinn på fosforbehov, heller enn fullt balanserekneskap. Ein må ta høgde for at deler av avlinga blir teke ut av hjortebeiting i område med mykje hjort.

Etter diskusjon med Nibio Fureneset og rådgjevarar i NLR har vi inntrykk av at jordprøveresultat ikkje er eigna til å kontrollere balansejødsling. Grunna ein del variasjon på eit skifte vil sjølve uttaket av jordprøver gi tilfeldig variasjon sjølv med koordinatfesting (jf. § 29). Vidare forstår vi at vassinnhald ved prøvetaking har innverknad, og at P-Al vil endre seg dersom arealet blir kalka.

Fjerde ledd, berekning av fosforgrense

For føretak utan husdyr (men til dømes grovfôr for sal), og som tek imot til dømes biorest meiner vi at berekninga må vere som årleg snitt. Berekning av max-grenser som snitt over 4-årsperiode kan innebere tilførsel på 9,2 kg P i løpet av eitt år i perioden, noko som vil vere uheldig.

Krav om at fosforgrensene ikkje kan overstigast med meir enn 10 % pr dekar er problematisk, og vi foreslår at dette blir vurdert auka til t.d. 25 %. Dette føreset at gjødslinga i snitt for føretaket ikkje overstig fosforgrensa i tredje ledd (2,3 kg P per dekar for Vestland), noko som kan misforståast i noverande forskriftstekst. Det kan ofte vere stor variasjon mellom teigane når det gjeld mogleg avling og fosforbehov internt på eit føretak. Noko av innmarka kan vere bratt / kupert, myrlendt eller av andre grunnar er mindre eigna til høge avlingar og sterk gjødsling. Det er viktig at teigar med stort potensiale kan bli gjødsla kraftigare enn andre teigar, men det er òg viktig med ei god fordeling av husdyrgjødsla, og mykje betre enn i dag. Vi meiner at det kan vere ei god kompromissløyting å kunne overstige grensa med opp til t.d. 25 %, men at samla snittgjødsling for føretaket er 2,3 kg/P. Vi vurderer òg at det gir mindre risiko for avrenning å gjødsle sterkare der avlinga kan ta bort fosfor, og svakare på anna areal framfor å gjødsle om lag likt på alt areal. Dette vil framleis gi svakare fosforgjødsling enn i dag der det er utfordring med mykje husdyrgjødsel.

Døme: Eit mjølkebruk som i snitt har 630 Fem/daa kan truleg ha 800 Fem/daa på gode areal med tre slåttar og 400 Fem/daa på anna areal med gamal eng. I snitt er normbehovet 2,3 kg P/daa, men på dei gode areala er normbehovet 2,8 kg P/daa. Med forslag om å ikkje kunne overstige



fosforgrensa med meir enn 10 % pr daa, vil maksimal gjødsling på enkeltteigar vere 2,5 kg P/daa. For å kunne gjødsle med 2,8 kg P/daa på dei gode areala, må det vere mogleg å overstige grensa med 22 %.

Femte ledd, fosforgrense på innmarksbeite

Max-grense på 2,0 kg P/daa for innmarksbeite verkar som ei rimeleg innstramming i høve til dagens regelverk. Etter dagens regelverk med 3,5 (evt. 3,75) kg P/daa, svarar fosforgrensa på innmarksbeite til ca. 2,3 (evt. 2,5) kg P/daa, dersom ein brukar faktor 0,67. Ekstra gode innmarksbeite har likevel gjerne behov for kraftigare gjødsling. Ein kan vurdere om det blir fanga godt nok opp dersom fosforgrensa kan overstigast med t.d. inntil 25 % pr daa, jf. kommentar til fjerde ledd.

Åttande / siste ledd, unntak frå fosforavgrensingane

At fosforgrensene ikkje gjeld for føretak med mindre enn 75 kg P/år tolkar vi til at slike føretak får strengare krav og heller må gjødsle etter behov med fosfor, jf. § 18. Dette er det behov for å presisere. Dette kan fungere bra, då det i hovudsak er for mjølkebruk / større føretak at det er behov for kompromissløyningar for å bruke stor del av eigen gjødsel, og då gjerne meir fosfor enn behov.

Dersom siste ledd skal bli forstått til at føretak med mindre enn 75 kg P/daa ikkje har noko krav knytt til bruk av fosfor, meiner vi dette er uheldig, og grensa må i så fall bli sett mykje lågare. Vi vurderer at det er risiko for skadeleg overgjødsling ved mottak av husdyrgjødsel eller biogjødsel på mindre areal / eigedommar.

Døme: Mottak av gjødsel på 32 daa eller mindre vil gi gjødsling som er sterkare enn den føreslegne max-grensa på 2,3 kg P/daa, dersom ein tek imot 75 kg P. «Fullt mottak» av biogjødsel til 10-20 daa på ein eigedom vil tilføre 3,75 - 7,5 kgP/daa.

Forslag om ny § 22. Særlege krav til bruk av gjødsel frå kompostert / utråtne materiale

I tillegg til noverande § 22, som kan endrast til § 23)

For å unngå å skape situasjonar med sterkare overgjødsling med fosfor på nye plassar, er det behov for krav om gjødsling meir tilpassa behov heller enn max-grense ved mottak av anna (billeg) gjødsel, jf § 18. Kompromissløyninga om å kunne gjødsle «meir enn nødvendig» opp til ei max-grenser bør ikkje omfatta fosfor som kjem utanfrå landbruket. Forslag til ny tekst, som kan bli forbetra: «Det kan ikke spres gjødsel av kompostert / utråtne materiale inkludert biorest på jordbruksareal som har en fosforverdi som viser P.Al på 14 eller høyere. Siste jordprøve kan ikke være eldre enn 4 år. Det er unntak for dette kravet for tilsvarende fosformengde som foretaket har levert til kompostering i form av husdyrgjødsel.»

Det må visast igjen i forskriftsteksten at landbruket i Vestland ikkje har behov for fosfor frå oppdrettsnæringa. Vi vurderer at det kan vere større fare for overgjødsling med biorest enn med husdyrgjødsel frå eige føretak. Produsert mengde biorest blir i liten grad bestemt av etterspurnad av gjødselvaren, men av kor mykje som oppstår i biogassproduksjonen. Biorest blir



gjærne ikkje produsert med tanke på best mogleg agronomisk kvalitet i form av balanse mellom næringsstoffa mm. Vidare blir bioest gjærne tilbydd utan betaling.

Fosfor utover den som kjem frå husdyrgjødsel frå eige føretak (og mineralgjødsel som kostar i innkjøp) må i større grad vere *etter behov*. Dette for å unngå at (billeg / gratis) bioest og husdyrgjødsel frå andre føretak blir «dumpa» på areal med ekstensiv drift, og dermed gir eit kraftigare fosforoverskot enn i dag. Det er difor nødvendig med eit slikt krav om at ein ikkje kan ta imot bioest med meir fosfor enn det som svarar til fosformengda i husdyrgjødsel levert til biogassanlegget, dersom jordbruksarealet har fosforverdi på P-Al 14 eller høgare. Dette blir noko tilsvarande krav knytt til å avgrense fosfor ved bruk av avlaupsslam, jf. § 22 punkt e).

Døme: Eit sauebruk med lågt avlingsnivå kan likevel ha fosforverdi i jord på over P-Al 14. Det er då truleg lite eller ikkje behov for tilførsle av fosfor, men det kan vere attraktivt å ta imot biogjødsel på gode vilkår sidan dette kan gi gratis nitrogengjødsling. Etter noverande forslag kan ein då ta imot biogjødsel tilsvarande 2,3 kg P/daa (i siste trinn av innføringa). Ei slik mengd fosfor kan utgjere eit reint overskot samanlikna med behov, og kan vere kraftig auke samanlikna med dagens fosforgjødsling på arealet.

Det er behov for unntak tilsvarande fosformengda eit føretak leverer til biogassanlegg, då det elles vil stoppe levering av husdyrgjødsel frå mjølkebruk til biogassanlegg.

Med tanke på dei feilmarginane som er knytt til jordprøver og at fosfor i jorda endrar seg sakte meiner vi det vil vere tilstrekkeleg å ta jordprøver kvart 4. år. Jordprøver blir oftast teke om hausten til bruk for gjødslingsplanlegging. Dersom jordprøva ikkje skulle vere eldre enn 2 år, ville ei jordprøve teke hausten 2022 ikkje vere tilstrekkeleg for å ta imot bioest våren 2025, noko vi meiner blir for strengt når det òg er snakk om mottak som kan skje kvart år.

§§ 22-25. Kapittel 4. Kapittel 5

§ 22: Det er positivt at ein frå 2030 (jf. § 36 siste ledd) ikkje kan tilføre slam når fosforverdien i jorda er P-Al 14 eller høgare. I slike tilfelle har ein lite behov for å tilføre fosfor.

§24: Vi saknar regulering av bruk av anleggsgjord med jorddjupner også når det ikkje er innblanding på staden. Vi har sett tilfelle av at anleggsgjord blir nytta i massefyllingar. Slik bruk er deponering og ikkje gjenvinning. Det må gå fram at anleggsgjord berre kan nyttast der røtene til planter normalt rekk, det vil seie til 40 cm djupne i drenert jord.

§ 26. Krav til gjødslingsplan

- **Primært foreslår vi at krav til gjødslingsplan bør gjelde alle som disponerer og gjødsler jordbruksareal, og som har rett til produksjonstilskot – tilsvarande dagens regelverk.** Ved søknad om dispensasjon vil ein fange opp andre tilhøve som er verd å vurdere, sjølv om det kan vise seg å ikkje vere behov for gjødslingsplan, sjå siste kulepunkt.



Dersom det skal vere ei generell grense på 25 daa foreslår vi at det er krav om gjødslingsplan for alle som driv hagebruk, evt. med ei grense på t.d. 5 daa. Vi har mange små, men profesjonelle frukt- og bærforetak i Vestland, og vi meiner det er naturleg at det blir stilt krav om gjødslingsplan til desse.

- **I tillegg til dekar grense foreslår vi at det er krav om gjødslingsplan for føretak som er omfatta av krav til fosforgrenser dersom denne blir sett lågare, jf. kommentar til § 20 siste ledd** Det er fleire landbrukseigedommar som er små, og ein bør vurdere om det er risiko for at biorest / husdyrgjødsel blir brukt på slike eigedommar utan å bli omfatta av krav om gjødslingsplan. Gjødslingsplan er viktig for å avklare kva ein har tenkt å tilføre av fosfor, og kva fosforgrense som gjeld. Dersom grense for fosforkrav framleis blir 75 kg P/år, bør det vere lågare fosforgrense for krav gjødslingsplan, til dømes 25 kg P/år.

Døme: Ein landbrukseigedom på 25 daa som tek imot 74 kg P kan etter forslaget på høyring resultere i ein gjødsling på nær 3,0 kg P/daa årleg, med fare for at det ikkje blir teke ut særleg avling, og utan krav til gjødslingsplan. Med grense på 50 kg P/år, kan det på ein eigedom på 20 daa bli tilført 2,5 kg P/daa årleg utan krav om gjødslingsplan.

- **Det bør vere høve til å søkje om tidsavgrensa dispensasjon frå krav om gjødslingsplan for føretak som etter arealet har krav til gjødslingsplan, men som har lite husdyrgjødsel og svak gjødsling.** Særleg i kystnære strok av Vestland er det vanleg med føretak som driv utegangardrift med sau, med mykje beiting i utmark / minimal oppsamling av sauegjødsel og særskild ekstensiv drift av innmark med svak eller ingen gjødsling. Det har lite hensikt med gjødslingsplan for slike føretak sjølv om dei har større areal enn 25 daa. Det kan heller vere aktuelt å vurdere krav knytt til handtering av husdyrgjødsel ved utandørs dyrehold (jf § 6), forureining utover «vanleg forureining frå jordbruk» (forureiningslova) og omsyn til utvalde naturtype kystlynghei.

§ 27 Krav om journal mm.

- **Vi foreslår at det er krav til å dokumentere mottak av gjødsel med meir enn til dømes 25 kg P/år, i samsvar med krav om gjødslingsplan jf. Kommentrar til § 26.**
- **Det er positivt med tydelege krav til dokumentasjon for husdyrgjødsel som blir gitt bort.** Ein kan vurdere om grensa då bør tilsvarende bør vere på 25 kg P/år.
- **Det er positivt med krav om gjødslingsjournal.** Dette er nødvendig for å kunne handheve innskjerping i regelverket, særleg knytt til fosfor og spreieareal.

§ 29 Uttak og analyse av jordprøver

- **Det er positivt med prosedyrar for uttak av jordprøver for å sikre at dei er representative og med minst mogleg feilmargin.**



- **Det er positivt og viktig at jordprøveresultat blir tilgjengeleg i offentleg register.** Forvaltninga har behov for informasjon om fosfortilstand i jord, og har rett til dette som offentlege miljøopplysningar, jf. Miljøinformasjonslova § 16. Informasjon om fosfortilstand i jord er aktuelt både ved vurderingar etter vassrammedirektivet og i søknader om utsleppsløyve etter forureiningslova ved etablering av biogassanlegg. Jordanalyseresultat bør innrapporterast fortløpande, slik at ein ikkje kan risikere innrapportering av gamle data.

§ 30. Tilsyn og enkeltvedtak

- **Det er behov for auka tilsyn for å handheve regelverket når det blir innskjerpingar.** Handtering etter forureiningslova er sentral, men det er viktig å merke seg at reaksjon også etter produksjonstilskotsregelverket kan vere effektivt. Vi meiner at oppfølging av dagens regelverk vil bli betre når regelverket er meir tydeleg og inkluderer rettleiing, verkøy for forvaltninga og tydelege forventningar til kommunane. Det bør jamleg arrangerast nasjonale tilsynsaksjonar i regi av Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet, der kommunane og Statsforvaltaren deltar/bidrar til organiseringa.

§ 31. Myndigheit til å gi forskrift og fatte einskildvedtak

- **Vi støttar forslag om at Statsforvaltaren ved forskrift eller enkeltvedtak får myndigheit til å stille strengare krav til lagring og bruk av gjødsel** i område der vassførekomstane ikkje oppfyller måla i vassforskrifta eller står i fare for å få forverra tilstand. Det er behov for rettleiing / rundskriv for å sikre god og lik forvaltning.
- **Punkt a): Vi meiner at strøblanda hestegjødsel alltid bør bli lagra med skjerming mot nedbør, og at det er krav om dette etter § 8, og ikkje som særskilt vurdering etter § 31 a).** Dette er òg mest nærliggande for kommunen å følge opp i samband med handtering av forureining.
- **Det kan vere aktuelt med rettleiing om eit område for ein vassførekomst er tenkt å gjelde heile nedbørsfeltet til vassførekomsten, eller ein vurdert avstand frå vassdraget.** Jf. At myndigheita i paragrafen for dei fleste tilfella er avgrensa til «områder der vannforekomstene ikkje oppfyller målene i vannforskriften, og står i fare for å få forverret tilstand.» Det er behov for å kunne ha oversikt over leigejord på kart, meir detaljert enn i dagens produksjonstilskot.
- **Vurdering av om vassførekomstane oppfyller måla i vassforskrifta og om dei står i fare for å få forverra tilstand, må òg vere knytt til om landbruk er ein relevant påverknadsfaktor.** Dersom landbruket er ekstensivt i eit område, og spreidd avløp er vurdert til å vere påverknaden (jf. Vann-Nett), er det mindre relevant å kunne gi strengare krav til landbruket.
- **Punkt b):** Det er mogleg at vekstsesongen startar etter 1. mai i enkelte fjellbygder i Vestland fylke, men dette er truleg lite relevant for oss.



- **Punkt d): ein kan vurdere om det tilsvarande bør vere høve til å stille strengare krav til spreining av bioest enn det som følgjer av forslag om ny § 22.**

§ 32. Dispensasjon

Vi meiner det bør vere kommunen som har løyve til å dispensere frå § 14 om spreietidspunkt, grunna:

- Kommunen har god lokal kjennskap, har høve til synfaring og høve til å følgje opp vedtak, inkludert behov for utvida lagerkapasitet.
- Ved akutt forureining med lekkasje frå gjødsellager eller andre akutte behov for tømning av eit gjødsellager, er det òg gunstig at kommunen kan vurdere korleis husdyrgjødsel kan bli handsama, inkludert vurderingar etter forureiningslova og i samband med rutinar for handtering av akutt forureining.
- Vi erfarer at mange kommunar no er gode på å gi vilkår i enkeltvedtak om spreiefrist, vurdert opp mot vasskvalitet. Med oppdatert regelverk inkludert rettleiing vil det ligge til rette for god handtering.
- Vi har nær 1000 mjølkebruk i fylket og med den vesentleg endring i spreiefrist i ny forskrift reknar vi med ein del søknader om dispensasjon dei første åra, særleg dersom seinsommaren har vore våt slik at utkøyring av husdyrgjødsel i juli og august har vore vanskeleg.

Sjå òg kommentar til § 14. Det kan vere aktuelt å vurdere etter 5 år korleis dette fungerer.

Vi støttar at Statsforvaltaren har myndigheit til å gi dispensasjon på dei andre områda.

§ 36. Overgangsreglar

- **Første ledd: Det er behov for ekstra store ressursar i fleire kommunar for å få orden i alle eksisterande godkjenningar for innmarksbeite som spreieareal til husdyrgjødsel. Desse er krevjande å nøste opp i.** På mjølkebruk er det vanleg å spreie husdyrgjødsel på innmarksbeite og i mange tilfelle er det uklart om det finst gamle vedtak, og vidare om dei i så fall har slik form at dei ikkje bør bli oppheva. Mange gamle vedtak kan ha manglande kart, manglande avstandskrav til vassdrag, feil innteikning på kart grunna anna vurdering av faktor og nettoareal mm. Dei fleste vedtaka er truleg gjort på 1990-talet / tidleg 2000-talet og kan vere vanskeleg tilgjengelege både i kommunane og Statsforvaltaren sine arkiv. Sjå òg kommentar til § 16.
- **Andre ledd: For spreining av mineralgjødsel på innmarksbeite er det behov for overgangsperiode på minst 6 år, i staden for 2 år slik det er føreslege.** Dette vil krevje store ressursar i kommunane, og kommunane må først prioritere godkjenningar som gjeld bruk av husdyrgjødsel på innmarksbeite. Sjå òg kommentar til § 16 spreieareal og § 20 fosforgrenser.



- **Andre ledd: Det er behov for tilsvarande overgangsregel for beite som tilførast husdyrgjødsel, såfram gjødslinga kan bli dokumentert med gjødslingsplan frå 2022 eller 2023. Arbeidet med godkjenning av innmarksbeite kan ikkje starte før det ligg føre eit kartsystem der godkjent areal kan bli registrert.** Overgangsordninga for husdyrgjødsel kan *deretter* vere 2 år, men vurdert etter kommunane sin kapasitet. Ein full gjennomgang av vedtak for alle føretak før ein har høve til å registrere areala digitalt er lite rasjonelt. Det vil bli behov for mange nye vurderingar og vedtak. Kommunane har ingen kapasitet til å godkjenne innmarksbeite som spreieareal for husdyrgjødsel for alle nye område innan 1.1.2025, noko som òg kan verke inn på når det er mogleg å starte med innstramming på fosfortilførsle. Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal må i mange tilfelle vere avklart før føretak kan tilpasse seg dei nye krava om fosfortilførsle. Det er fare for dårleg gjennomføring av vurderingar og godkjenningar av innmarksbeite som spreieareal for husdyrgjødsel dersom kravet skal innførast for raskt. Sjå òg kommentar til § 16 spreieareal og § 20 fosforgrenser.
- **Tredje ledd: Det er òg aktuelt å omtale at vedtak etter forskrift om gjødslingsplanlegging blir oppheva når denne forskrifta trer i kraft.** Det gjeld særleg vedtak om fritak frå krav om gjødslingsplan eller vedtak som godkjenner fleirårig gjødslingsplan.
- **Fjerde ledd: det er absolutt behov for overgangstid utover 2 år i høve til spreietidspunkt, då tilpassing til innskjerpa regelverk i mange tilfelle vil krevje større investeringar for å bygge opp lagerkapasitet. Dette bør vere ein søknad med plan for tiltak og tidsplan for å klare dei nye spreiekrava. Kommunen må vurdere omsynet til vasskvalitet.**
- **I tillegg til dei kommenterte overgangsreglane bør det bli sett av tid til å tilpasse seg regelverket frå regelverket er vedteke og til krava skal begynne å gjelde, i dei tilfella der det er nødvendig med tid for tilpassing**

Andre innspel

- **Vi meiner at det er viktig å få på plass eit omsetningskrav for resirkulert fosfor så raskt som mogleg, og gjerne som del av denne forskrifta.** Jamfør Stortingsdebatten 5. juni 2023. Eit slikt krav vil bidra til at lønsemda ved omsetning av resirkulert fosfor aukar, og vil også bidra til ein ny giv i produktutviklinga av resirkulerte gjødselvarer. Stortinget har òg lagt til grunn at omsetningskravet skulle komme samstundes som nytt gjødselregelverk.
- **Vi meiner at torv til bruk i hagejord må utfasast. Det er mange erstatningsmateriale tilgjengeleg.** Vedtak om utfasing vil i seg sjølv bidra til produktutvikling av alternativa.
- **I rettleiar bør det bli omtalt at godkjenning av spreieareal og søknader om dispensasjon òg skal bli vurdert etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12.**